

Referat frå SMU-møte (skulemiljø-utvalet) Engelsvoll skule

Tid: 14.03.23

Stad: Rom 7, Engelsvoll skule

Deltakarar:

Sandra Hageland, elevrepresentant – forfall

Celine Larsen Meland- forfall

Anne Bjørg Moi Gjøn, lærar

Karoline O.F. Barka, andre tilsette i skulen

Heidi Martby-Skogsholm, FAU-representant skule

Torunn Elisabeth Grude, FAU-representant skule

Kjersti Olimb Salte, kommunerepresentant

Linda Refvik - rektor

Saksnr.	Sak:
	Møteleiar/sekretær: Møteleiar: FAU-leiar, referent: rektor
5/22-23	Godkjenning av innkalling og sakliste: Ingen merknader
6/22-23	Godkjenning av protokoll: Ingen merknader
7/22-23	Orienteringssaker: <u>Frå elevrådet:</u> «Kantina» er godt i gang. Vi starta med 3.og 4.steg Sak frå elevrådet til stega: Alle stega skal jobbe med trivsel, vi skal ha fokus på språkbruk og at vi ikkje ynskjer uro i timane. Vi ser at det er færre elevar som går åleine i friminutta. Elevrådsstyret har førebudd seg til BUK som skal vere 23.03 Saker vi drøfta i elevrådet 10.03: - namn på jubileumstreet ved hovudinngangen - konsert/ talentiade - aksjonskvelden «Hei verden!» <u>FAU- skule:</u> Det er ope hus førstkommande fredag. Foreldrekontaktane arrangerer. Både ungar og foreldre er engasjerte. Det bli dugnad på uteområde 10. mai. Rektor tek kontakt med vaktmeister angående behov: maling, lusing, kosting mm. Rektor undersøker om det er tradisjon før 17.mai at elevane er med å plukke søppel i nærområda. Vi snakkar og om kor viktig det er med foreldresamarbeid og framsnakking av skulen og lærarar. FAU-foreldremøte er under planlegging. FAU ynskjer å ha fokus på dette med sosiale mediar og inkludering. Får vi til begge deler? FAU-leiar jobbar med å få

	<p>ein ekstern foredragshaldar. Det kan vere Cato Wallin frå KTT og Asgeir Jacobsen frå politiet.</p> <p>Det er viktig at det vi tek opp på foreldremøte ikkje berre blir ein happening, men noko som ein kan arbeide vidare med i skule/heimsamarbeidet. Forslag til etterarbeid på stega kan for eksempel vere å bruke Dialogspelet, der foreldre blir sett saman i grupper og der dei skal ta stilling til ulike påstandar og drøfte dei. Dette må planleggast nærare. Rektor kjenner godt til Dialogspelet og kan vere med å planlegge for det. Rektor tek og kontakt med rektor på Bore skule og hører korleis dei gjer det der.</p> <p>7. mars var mange foreldre på møte på Rådhuset.</p>
8/22-23	<p>Trygt, godt og inkluderande læringsmiljø:</p> <p>Det er no oppretta 9A-saker på 2. og 4. steg, i tillegg til 7. steg. FAU har fullt tillit til at skulen har kunnskap og kompetanse på dette. Foreldre må ha tillit til at lærarar tek tak i ting og at leiinga tek tak i ting. Ein treng og tid til å prøve ut. Lærarar og leiinga må og kunne tåle kritiske spørsmål og anerkjenne opplevingar som foreldre har. Skulen må og ha forståing for at ikkje alle foreldre forstår alle systema i kommunen. Mange foreldre tenkjer at dei «kan» skule fordi dei sjølve har vore elevar.</p>
	Ingen saker til eventuelt